



## Samtykke til tilmelding til Team for tidleg innsats (TTI)

### Kva er Team for tidleg innsats?

TTI er ein del av Gloppen PPT sitt tilbod. Opplæringslova pålegg alle kommunar å ha ei pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). PPT har til oppgåve å hjelpe barnehagane og skulane med å gje barn og unge eit tilpassa barnehage- og opplæringstilbod. Barnehagelova seier og at PPT skal hjelpe barnehagane med kompetanse- og organisasjonsutvikling.

TTI vart oppretta som eit prosjekt hausten 2014, og vart vidareført som permanent ordning frå januar 2016. Teamet er eit lågterskeltilbod for barn i førskulealder, og arbeider innanfor to område på individ- og systemnivå:

- Språkutvikling, språkstimulering og førebygging av lese- og skrivevanskar.
- Samspel, arbeid med sosiale og emosjonelle utfordringar.

### Prosedyrar

Dersom barnehagen ynskjer hjelp frå TTI i arbeidet med eit barn, må foreldra gje løyve til dette. Føresette kan også på eige initiativ ta kontakt med TTI. Teamet vil deretter opprette kontakt med barnehagen for å få i stand eit samarbeid.

Etter at TTI har motteke samtykkeskjema vil teamet ta kontakt med føresette og barnehagen. Saman vil ein gjere avtale om vidare arbeid i saka, som f.eks observasjon, rettleiing og i nokre tilfelle kartlegging.

For å dokumentere det som vert gjort av tidleg innsats for barnet, vert det ført journal i PPT sitt fagsystem.

Om TTI ynskjer å drøfte barnet med andre instansar, som til dømes helsestasjonen, skal dei be føresette om løyve.

---

### Samtykke

Eg/vi gjev med dette løyve til at .....,  
f. .... blir tilmeld Team for tidleg innsats.

Dato: .....

Føresett: .....

Telefonnummer: .....

Adresse: .....

Føresett: .....

Telefonnummer: .....

Adresse: .....